

Medlem og varamedlem i Eidfjord felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Arkivsakid-doknr: 20/175-53
Journalpostid: 23/4166

Saksh: Linda Ågotnes Kaland
Telefon: 53 67 35 37

Arkivkode: K1-033
Dato: 25.04.2023

Møtebok 25.04.2023

Tid: Kl. 10.00 – 11.05

Stad: Møterom i 2. etg. på kommunehuset.

Frå fellesrådet møte:

Marete Sæbø, Frode Eriksen, Johanna Håbrekke, Harald Næss, Magnar Røyse og Ole-Johnny Odland.

Sigrud Bu hadde forfall, der var ikkje kalla inn vara på grunn av kort tid.

Frå administrasjonen møte:

Linda Ågotnes Kaland (møtesekretær vikar)

Karin Flatabø Thrane (einingsleiar helse og omsorg)

Til å skriva under møtebok:

Marete Sæbø (leiar) og Frode Eriksen (medlem)

Sak 98 - Godkjenning av møtebok 27.03.2023.

Møteboka vart godkjent med fylgjande merknad frå leiar Marete:

Sak 95 – Eldrevaktmeistertenesta: Pris på tenesta skal kome fram i informasjonen om tenesta i Eidfjordnytt!

Eldrevaktmeisterteneste er ein del av praktisk bistand og same regelverk/pris som for heimehjelp gjeld.

Sak 99 - Orientering Sansehagen v/ einingsleiar Karin Flatabø Thrane

- Framvisning av prosjektet med planskisse.
- Inviterte til innspel om installasjon/kunst i innteikna avgrensa område (Oppe til venstre). Karin viste nokon kunstforslag. Ho har og teke det opp i leiarmøte og bede om innspel frå dei og kulturavdelinga.

- Ventar på tilbudsgrunnlaget for prosjektet.

Sak 100 - Medisinbestilling ved legekantoret v/ einingsleiar Karin Flatabø Thrane

- Har rammeavtale med Odda, og fastsett transport ordning.
- Er kome tilbakemelding om at det er betre telefonkontakt no enn tidlegare.
- Viktig å planlegga medisinbestillinga, slik at ein får bestilt før ein går tom. Det kan vere dei må ha litt tid på å skaffa medisinen.

Innspeil:

Det er mogeleg å bestilla medisin på nett, eller senda med fullmakt til andre som kan henta medisin for deg. Høyr med familie/nære om hjelp!

Det er og mogeleg å lage eigen avtale med apoteket om at dei varslar deg når medisinen er klar.

På nettsida Helsenorge.no kan du logge inn og sjekke kva resepter du har/kor mykje du har igjen på resepten.

Delta på datakurset for eldre, for hjelp til innlogging på til dømes helsenorge.

Sak 101 - Ymse

Dagsturhytto – der er mykje folk forbi med hundar, ynskjer bosspann. Frode informerte om at det kjem.

Handicap parkering v/ Coop er utruleg dårlig plassert – veldig skrått terreng og dårlig merka. Ynskjer ny plassering i rettare terreng og med betre merking.

Frode tek dette vidare.

Til neste møte:

Vil finne ut om det er klare reglar ved bygdaheimen for bebuara og pårørande ved markering/feiring av større begivenhetar/dagar.

Marete kontaktar bygdaheimen/Karin og innhentar informasjon om dette før neste møte.

Neste møte vert 06.06.2023

Ole-Johnny ordnar bordbestilling til 8 stk, på Vøringfoss hotel – Kaffi, smørbrød og kaka.

Leiar

Medlem

Med venleg helsing
Eidfjord kommune

Linda Ågotnes Kaland
Sakshandsamar

Kopi til arkiv og kopibok